



Nettside:

- Vindafjord kommune
- Omega Areal AS

17.12. 2020
Vår ref.: B57488

Kunngjering av planarbeid på nettsider

Ber om at kunngjeringstekst under blir lagt ut på heimesidene. Ta gjerne kontakt ved spørsmål.

Venleg helsing,

Elisabeth Silde
Avdelingsleder Plan

elisabeths@omega.no
977 40 808
Omega Areal

Varsel om oppstart av detaljregulering for del av Smedsvik – Vindafjord kommune, PlanID 1160202002

I samsvar med § 12-8 i Plan og bygningslova, vil vi med dette informera om at Omega Areal AS på vegne av grunneigarar skal utarbeide forslag til ny detaljregulering for del av Smedsvik gnr/bnr 67/78,79,186 i Vindafjord kommune. Planområdet går fram av vedlagte oppstartskart og er ca. 15 daa. Varsel om oppstart vert lagt ut på heimesida til Vindafjord kommune og Omega Areal AS. Vedlagt finn de planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet med kommunen.

Området er i arealdelen til kommuneplanen 2017-2029 sett av til omsynssone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde (jf. Pbl §11-8f). I den eldre gjeldande reguleringsplan for Sondenåneset Sør er planområdet avsett til sommerhytter og friområde ved sjø. Ny plan vil delvis erstatta gjeldande plan.

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for ei fortetting med fleire hytter (3 stk.) innanfor eksisterande område, men lenger frå sjø enn eksisterande hytter. Tilkomst er tenkt som til eksisterande hytter. Det er planar om å utvida eksisterande småbåtanlegg noko for å få båtplassar til dei nye hyttene. Det er tenkt oppført naustbuer nede ved sjøen. Desse skal leggest inn i terrenget med god landskapstilpassing.


Planarbeidet er av Vindafjord kommune vurdert til å ikkje utløysa krav om konsekvensutgreiing (KU), då området er avsett til føremålet i gjeldande plan, og det berre er snakk om fortetting av området med 3 nye hytter.

For nærare informasjon om planarbeidet, kan du kontakta Omega Areal AS, v/Elisabeth Silde tlf 977 40 808 eller vårt sentralbord tlf 975 40 000.

Eventuelle merknadar eller innspel til oppstart av planarbeid kan sendast til **Omega Areal AS, Kvassanesvegen 4, 5582 Ølensvåg** eller areal@omega.no - **innan 20.01.2021.**


Etter at meldingsfristen er utgått vil sjølve planforslaget bli utarbeidd og innsendt til kommunen. Etter første gongs behandling blir planforslaget lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då vere mogleg å koma med eventuelle innspel, merknadar og motsegn mot planforslaget før endeleg behandling av planen.

Oversiktskart



Kjelde: kommunekart.com

3D Utsnitt




Kjelde: kommunekart.com

Gjeldande kommuneplan



Detaljeringszone – Reguleringsplan skal fortsatt gjelde. Kjelde: kommunekart.com

Gjeldande reguleringsplan



Kjelde: Planarkiv – Vindafjord kommune